



Referat frå kommunemøte torsdag 19. november

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades: Eidfjord, Fedje, Fitjar, Hyllestad, Masfjorden, Stryn, Ullensvang, Ulvik, Årdal, Helse Fonna

1. Informasjonssakar/situasjonsbilete

Møte i fylkesberedskapsrådet fredag 19. november

Fylkesmannen har kalla medlemene i fylkesberedskapsrådet inn til møte i morgon. Eit av temaa er kva utfordringar dagens situasjon i pandemien har for kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur.

Nabohjelp

Ei av Fylkesmannen sine aller viktigaste oppgåver under pandemien er å støtte handteringa i kommunane. Det gjeld ikkje minst ved utbrot, der vi gjerne ønskjer å vere ein samtalepartner og rådgjevar for kommunane. Eit av råda våre er alltid å ta kontakt med Folkehelseinstituttet, for å få gode råd og innspel frå det fremste smittevernfarelege miljøet i landet.

Vi ser at det å ha tilstrekkeleg personell er utfordrande ved større utbrot. Vi skulle ønskje at vi hadde ein personellpool som vi kunne tilby å sende ut når det skjer eit utbrot. Slik er det ikkje og svaret vårt vert alltid å sjå på kva som er mogleg å få til av støtte frå andre kommunar.

Eg vil igjen nytte høvet til å oppmode kommunane om å snakke saman om dette, og å ha ein låg terskel for både å be om støtte og å gi støtte til andre. Det er veldig tilfeldig kvar smitteutbrot skjer, og det er ofte ikkje mogleg å forklare kvifor éin kommune får mange smitta og ein annan ikkje. Det er heilt nødvendig å sjå på handteringa av pandemien som ein dugnad både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Vi må heller ikkje undervurdere at det å hjelpe ein annan kommune med t.d. smittesporing er viktig kompetanseutvikling for den som gir støtta.

Reisesmitte internt i Noreg

I tillegg til mange spørsmål om karantenerreglar mv. i samband med innreise til landet, får vi ein del spørsmål om innanlands reiseaktivitet.

Det er viktig å presisere at det ikkje er formelle restriksjonar for reiser innanlands. Nasjonale styresmakter tilrår likevel folk å avgrense reiseaktiviteten, fordi reiser frå område med høgt smittepress til område med lågt smittepress bidreg til å auke faren for smittespreiing.

FHI har laga ein eigen nettsak som omtalar kva ein må tenke på viss slike reiser er naudsynte. Denne finn de her: <https://www.fhi.no/nyheter/2020/smittevernrad-ved-reiser-innenlands/>.

I møtet med direktorata i går, understreka Helsedirektoratet at kommunane må vere medvitne om denne utfordringa ved bruk av ferievikarar i helse- og omsorgstenestene i jula.



Vi er kjent med at kommunane som høyrar til Helse Førde sitt område har gått ut med ein felles oppmoding til sine innbyggjarar om å vere særleg medvitne om utfordringa knytt til smittespreiing som følgje av innlandsreiser.

2. Informasjon til framandspråklege

Som vi sa i møtet førre veke, ønskjer vi å ta opp temaet informasjon til framandspråklege generelt under pandemien og spesielt ved utbrot.

Vi har invitert to kommunar; Bergen kommune og Voss herad til å dele erfaringar og synspunkt knytt til dette.

Bergen kommune v/Eva Hille, kommunikasjonsdirektør ved seksjon for informasjon

Informasjonsarbeidet er krevjande for alle parter. Ein skal nå ut til innbyggjarar som i utgangspunktet ikkje har norsk som morsmål. I dette arbeidet har Bergen kommune eit godt samarbeid med tolketenesta. Hovudmerksemda i informasjonsarbeidet er på å kommunisere kjerneinformasjon knytt til dei nasjonale og kommunale smitteverntiltaka. Bergen har omsett informasjon til dei åtte mest brukte språka i kommunen. Kommunen har òg lagt ut informasjonen på eigen heimeside.

Utfordringa er å nå fram til innbyggjarane. Seksjon for mangfald og likestilling har formidla kontakt med ressurspersonar i innvandringmiljøa. Kontaktpersonar som nyter stor tillit har vist seg å vere viktig for å nå ut med informasjon i miljøa. Gjennom denne kontakten har Bergen fått råd om at det er viktig at budskapet er klar og tydeleg. Visuell informasjon som video, teikningar med vidare kan vere meir effektivt enn informasjon på tekst.

Bergen har sidan våren nytta sms-varsling til informasjonsarbeidet. Til dømes får alle som kjem inn til kommunen varsel, med lenke til smittevernreglane som gjeld for kommunen. Kommunen arbeider no med varsel til polske sim-kort for å nå ut til dette miljøet, og har fått hjelp frå tolketenesta med budskapet.

Tillitspersonane har bidrege med å distribuere brosjyrefoldarar og henge opp plakatar i butikkar og samlingsstader. Plakatane nyttar illustrasjonar, bilete og QR-kode.

Nygård skule er opplæringscenter for vaksne som ikkje har norsk som morsmål. Lærarane har hatt ei særleg viktig rolle for å formidle informasjon. Formidling av informasjon har vist seg at opplæringscenteret har vore viktig for å nå ut med informasjon til miljøa.

Erfaringane no er at Bergen har hatt ein del smitte i innvandringmiljø. Det ser ut til å flate ut og kommunen meiner å ha nådd ut med budskapet. Kommunikasjon med framandspråklege er krevjande, og det er viktig med tillitspersonar som kan formidle informasjon og ein tydeleg budskap.

Voss herad v/Maria Eknes

Voss står akkurat no i eit lokalt utbrot som har ført til at to legekontor og Voss ungdomsskule har vorte stengt. Kommunen ser det same på lokalt nivå som på nasjonalt; at ein del av smitten kjem frå framandkulturelle miljø og at det er vanskeleg å nå fram med budskapet. Ein del framandkulturelle har sitt miljø i Bergen. Kommunane har slik sett ein felles problemstilling og Voss herad har kontakta Bergen kommune for å opne for vidare samarbeid rundt dette.



Voss har i kommunikasjonsarbeidet valt å lage lokale filmar på ulike språk. Ein av filmene inneheld generell informasjon. Den vert delt på sosiale kanalar og sendt i WhatsApp-melding til innbyggjarar med aktuell språkbakgrunn osv. Ein annan film handlar om karantene og isolasjon. Smittesporingsteamet sender den ut til dei det gjeld. Manuset er forma i stikkord på norsk, og vert skrivne om og lest inn av språkkyndige ressurspersonar. Etter dei fyrste filmene vart delt har fleire meldt seg til kommunen og sagt at dei ynskjer å bidra på sine språk. Det vert laga filmar på minst 13 språk.

Erfaringane er at det er viktig med ein tydeleg budskap der det er heilt klart kva mottakaren må gjere. Kommunen erfarer at dei når fleire innbyggjarar gjennom videoane enn gjennom informasjonen som allereie er publisert frå nasjonale styresmakter.

Kommunikasjon til framandspråklege er ei nasjonal problemstilling. Det hadde vore ein stor fordel med meir tilgjengeleg oppdatert informasjon, i kanalar som framandspråklege/-kulturelle brukar. Det kan òg ver vanskeleg å ha lokal merksemd på dette. I ein liten kommune er det fort ein risiko for å setje nokon i eit negativt lys når ein går inn med konkrete tiltak retta mot spesifikke grupper. Det krev og lokale ressursar.

Voss herad deler manus og filmene om karantene/isolasjon. Filmene med generelt informasjon har lokalt innhald knytt til testsenteret osv. Fylkesmannen vil distribuere desse vidare til dei andre kommunane.

3. Gjennomføring av sosiale arrangement på skular og i barnehagar

Vi får mange spørsmål om gjennomføring av julefest, juleball, juleforestilling osv. på skular og i barnehagar.

Barnehagar og skular går no inn i ei tid der dei fleste har tradisjonar for å samle barn/elevar, gjerne med føresette til juleavslutningar av ulikt slag. Det betyr vidare at ein må ta stilling til kva type arrangement som kan gjennomførast under dei rådande reglane om smittevern.

[Covid-19-forskrifta § 13](#) definerer kva rom det er for å gjennomføre arrangement. Fylkesmannen meiner at det i hovudsak er aktuelt med private samlingar som definert i punkt f).

Det *kan* òg vere aktuelt å definere arrangementet i tråd med punkt c), altså som del av planlagt ordinær opplæring. Ei slik tolking vil utløyse nokre andre problemstillingar, som til dømes kven som kan vere til stades i opplæringa.

Vi har gitt eit skriftleg svar om temaet til Sunnfjord kommune som viser våre vurderingar (ligg som vedlegg til referatet).

4. Fylkeskommunen og Skyss

På sist møte var bruk av munnbind, og kven som skal finansiere desse, eit av temaa. For ordens skuld kan vi nemne at vi har fått svar frå Kunnskapsdepartementet. Dei konkluderer tilsvarande som vår tolking, og slik vi fekk melding om at Vestland fylkeskommune praktiserte. Munnbind er rekna som individuelt utstyr, og tilråding om bruk av munnbind kjem ikkje i konflikt med regelverk om gratis opplæring. Svaret frå Kunnskapsdepartementet ligg vedlagt referatet.



Når det gjeld smitteverntiltak og skuleskyss, har det kome spørsmål om dei tiltaka som blir praktisert på skulen og krava til smittevern på buss, heng godt i hop. Nokon hevdar at smitteverntiltak i skuletida nærast er bortkasta når elevane likevel samlast på bussen til og frå skulen. Vi har ikkje oversyn over korleis elevane praktiserer smittevernreglane på buss, men det er ei aktuell problemstilling.

Fylkesdirektør for opplæring, Bjørn Lyngedal – status for vidaregåande skule

Status for dei vidaregåande skulane i fylket er krevjande, og 25 av 50 skuler er sett på raudt nivå. Det gjer ein krevjande driftssituasjon. Avstandskrava gjer at skulelokala blir for små, og dei vidaregåande skulane må difor ha ein kombinasjon av fysisk skule og heimeundervisning. Fysisk skuleundervisning og heimeundervisning vert delt 50/50 mellom elevane, og vert bytta på slik at alle elevar får minst tre skuledagar med fysisk undervisning kvar veke.

Målet er at unge skal ha ein så normal skulesituasjon som mogleg. Fylkeskommunen opplever samarbeidet med kommunar og kommuneoverlegar som godt. Det er ikkje indikasjonar på at skuleskyssen har vore ein avgrensande faktor med tanke på å få elevar til skulen, og det er berre i Bjørnafjorden kommune det er sett inn ekstra bussar.

Skulane prioriterer fysisk undervisning til elevgruppene som har minst utbytte av heimeskule. Frå i vår veit ein at elevar med særlege behov er særleg utsette. Elevar med spesielle behov, og dei med praktiske fag, vert difor prioritert. Elevar på VG1 vert òg prioritert før dei eldre elevane.

Erfaringa er at prioriteringane går greitt, og lærarane er drivne på digital undervisning. Utfordringa no er å få på plass strømming av undervisning frå klasserommet. Skulane har mange hundre elevar i karantene som treng tilbodet og kontakten med lærarar og elevar.

Hovudbodskapan er at skulen framleis er ein trygg stad å kome til. Det er lite smitteutbrot på skular, og av 150 tilfelle har berre to tilfelle vist seg å skuldast smitte på skulen. Skulane har gode rutinar og lite smitte vert overført. Statistikken viser òg lite smitte hos lærarar. Nokre få byskular har hatt hovuddelen av smitta.

Direktør for Skyss/Kringom, Målfrid Vik Sønstabø - skuleskyss

Hovudbodskapan er at det går greitt å halde smitteverntiltaka på skulebussen, og det er ikkje kjent med smitteoverføring under transport. Bransjen følgjer smittevernrettleiarane for skular og kollektivtransport.

Det er utfordrande å følgje opp endringar i grunnskulane ved endring frå gult til raudt nivå, og kva det betyr for skuletransporten. Erfaringane er at når skular endrar frå eitt nivå til eit anna i trafikklysmodellen, krev det samarbeid med kommunen fordi det då må vurderast om det er behov for innsatsauke. Det er kome ein ny rettleiar til skuletransport, og Skyss er usikre på kva verknader denne får for skuletransport.

Ved auka smittetrykk vert det viktig med meir informasjon. Skyss har skuleskysskontaktar i kommunane i tidlegare Hordaland, og jobbar med å få på plass tilsvarande i tidlegare Sogn og Fjordane.

Skyss har ståande avtalar med turbussoperatørar, og har beredskap for å setje inn fleire bussar om situasjon krev det.



5. Ivaretaking av sårbare born og unge under Covid-19

Alle fylkesmenn vart på kort varsel kalla inn til eit videomøte 19.11.2020 med barne- og familieministeren. Føremålet var å diskutere korleis sårbare born og unge vert ivaretekne under koronasituasjonen.

Bakgrunnen var [statusrapport 9 frå ei ekspertgruppe](#) som er sett ned for å følgje med på området. Justisministeren, kommunalministeren, utdanningsministeren, helseministeren og kulturministeren deltok òg i møtet. Bodskaen var tydeleg: Sårbare born og unge skal ivaretakast under pandemien. Det er dei sårbare borna som tapar mest på koronatiltaka, i form av at dei treng faste og tydelege rammer, mange har problem i heimen og treng å vere på trygge stadar og nokre har særskilte behov som må dekkjast.

Kva inneber dette konkret?

1. Stenging av skular og barnehagar skal ikkje skje som førebyggjande tiltak. Det er viktig å òg hugse på å ha rett nivå på eventuelle stengingar som er grunna i at elevar er smitta. Det skal ikkje stengjast for mykje og for lenge, og heller ikkje for lite.
2. Barnehagar og skule skal ha ordinære opningstider og fysisk opplæring så langt det er råd. Karantenefråvær blant undervisningspersonale skal dekkjast inn av vikarar om det er mogleg.
3. Skulehelsetenesta og helsesjukepleiar skal halda normalt tenestnivå. Dei skal ikkje omdisponerast til TISK-arbeid. Helseministeren er framleis tydeleg på at kommunane må planleggje for at koronasituasjonen varer i alle fall til sommaren 2021, og at kommunane må rekruttere for å løyse ressursmangel. Ein treng ikkje vera helsefagutdanna for å drive med smittesporing. Han minna òg om at kommunane skal få kompensasjon for ekstraavgifter til koronahandtering.
4. Det må passast på at dei som treng spesialundervisning framleis får det.
5. Tenester til born og unge skal ikkje ytast frå heimekontor.
6. Barnevernet skal fungere, og andre delar av tenestilbodet skal hjelpe barnevernet med å fange opp sårbare born, ved å sende inn meldingar når det er grunn til det.
7. Frivillig barne- og ungdomsarbeid må oppmuntrast og støttast av kommunane. Så langt det er mogleg, må idrett og andre fritidstilbod for born og unge haldast i gang. I vurdering av smitteverntiltak må born og unge skjermast så langt det er forsvarleg.
8. Leggje til rette for møteplassar for born og unge på fritida der smittevernet er sikra.
9. Det er viktig at grunnleggjande smitteverntiltak òg vert understreka overfor sårbare born og unge. Det kan t.d. vere at dei som har symptom på luftvegsinfeksjonar skal vere heime (både frå skule og fritidstilbod) til symptoma går over.

5. Fangar tenestene opp meldingar om barn og unge?

Fylkesmannen i Trøndelag har spurt barneverntenestene om talet på bekymringsmeldingar i september 2019 og september 2020. Samla sett har kommunane 40 % fleire bekymringsmeldingar i



år. Innhaldet i meldingane er alvorlege, og dreier seg i stor grad mellom anna om vald, rus og overgrep.

Fleire meldingar enn før kjem frå private, mens andre offentlege instansar som barnehage, helsestasjon og Nav melder mindre enn tidlegare.

Sjølv om tala for barneverntenesta ikkje er frå vårt fylke, meiner vi at dette er viktig informasjon som våre kommunar bør kjenne til og vurdere om det kan vere aktuelt å setje i verk tiltak.

Undersøkinga understrekar at det er svært viktig at kommuneleiinga tenkjer nøye gjennom konsekvensar av ulike tiltak. Tiltak som heimekontor, reduserte fritidsaktivitetar og stengde Nav-kontor kan vere nødvendige smitteverntiltak, men dei har ein pris. Barn betaler ein del av denne prisen. Vi veit ikkje nok om konsekvensane av dette no, men det er grunn til å ha merksemd på dette. Vi ber om at kommunane ved innføring av smitteverntiltak vurderer nøye kostnadene for sårbare barn og unge

6. Smittevernutstyr – fastlegar

Vi har fått spørsmål frå fleire kommunar om kva ansvar dei har framover for smittevernutstyr til næringsdrivande fastlegar. I brev sendt landets kommunar den 12. november med tittelen "Utvidet bruk av munnbind i helsetjenesten relatert til covid-19", står følgjande:

«Det er kommunens ansvar å dekke fastlegenes smittevernutstyr relatert til covid-19. Det vurderes som mest hensiktsmessig at kommunen leverer utstyr kostnadsfritt til fastlegene, men det kan også gjøres en avtale om at fastlegene selv kjøper smittevernutstyr og så sender krav til kommunen, som igjen får dette refundert fra staten.»

Til sist vil vi igjen minne om at det har kommet forsikringer om at regjeringen har til hensikt å dekke kommunenes ekstraordinære smitteverntiltak relatert til covid-19 for 2020 og 2021, og at det bevilges betydelig midler til dette formålet».

Helsedirektoratet har tidlegare sagt at utstyr som vert levert kostnadsfritt til kommunen gjennom den nasjonale forsyningslinja, skal leverast ut kostnadsfritt til fastlegane. I denne samanhengen skal fastlegane likestillast med kommunale institusjonar, for å unngå forfordeling. Kommunane vil få levert utstyr gratis ut 2020. Kommunen kan ta betaling for utstyr de framover sjølv kjøper inn og betaler. Det vil truleg vere langt enklare for kommunen å levere utstyr kostnadsfritt til fastlegane, enn å gje kompensasjon etter at kommunen har mottatt kompensasjon frå staten.

Vi har vidare fått spørsmål om kva som i denne samanheng meinast med "smittevernutstyr", altså kva slags utstyr kommunane skal hjelpe fastlegane med. Vi legg til grunn at det gjelder utstyr som har vore inkludert i den nasjonale forsyningslinja grunna knappheit i marknaden: hanskar, munnbind, andedrettsvern, augebeskyttelse, hovudplagg og frakkar.

Helsedirektoratet fortalte i møte onsdag 18. september at leveransar denne veka er hanskar, hovudplagg, stellefrakkar og munnbind. Dette er siste veke med stellefrakkar. Staten kjøper inn 50 millionar munnbind. Noko av dette vil antakeleg verte fordelt til kommunane, som stadig aukar estimata for forbruk av munnbind. Grossistane er klar over dette og kjøper inn munnbind. Direktoratet presiserte vidare at alle forhold som innverkar på transportsituasjonen i Asia, potensielt kan føre til mangelsituasjon i Noreg. Staten tilrår difor framleis at kommunane bør kjøpe inn utstyr for 8 månader framover.



Vi ønsker òg å understreke at Staten vil dekke kostnadene for førebyggjande bruk av munnbind.